

Referat frå soknerådsmøte onsdag 17/1-24, kl. 17-19 på Solhaug .

Tilstades: Stian Holte, Katrine Burmester, Hilde Roksund, Nils Steinar Stavsholt, Gunhild Sofie Halsvik Rønningen, Marie H. Nordli, Jostein Vetland, Mona Halsvik, Ragnhild Halden.

Meldt fravær: Carina Syvertsen.

Sak 1/24: Godkjenning av innkalling

Vedtak: Innkallinga vart godkjendt.

Sak 2/24: Godkjenning av referat

Vedtak: Referat frå møte 23/11-23 vart godkjendt.

Sak 3/24: Informasjon etter arbeidsgruppemøte Fidus, samt anna informasjon.

Katrine informerte frå arbeidsgruppemøte Fidus.

Vedtak: Fidus fortset,- med oppstart 26.01.24, - kl. 19.30 - 23.00.

Nils Steinar får oversikt over datoer for Fidus-kvelder av Gunhild Sofie, - for å samordne med andre arrangement på Solhaug.

Gunhild Sofie får ansvar for å fordele foreldrevalter på Fiduskveldene, skal være 6 stk pr. kveld. Det blir Fidus også i vinterferieveka.

Sak 4/24: Gjennomgang av generell økonomi

Kyrkjeverje og kasserer Mona Halsvik orienterte og ga kort info om krav rundt reknekapsgodkkjennning, årsmelding og årsmøte. Mona informerte også om nytilsatt sekretær i 80% stilling.

Mona gjekk gjennom oppsett over økonomi 2023.

Soknerådet har over fleire år betalt gebyrutgifter for dei ulike delrekneskapa. For 2023 utgjorde det i overkant av 9000,-

Går mot underskudd. Rundt 25000,- pr nå, men rekneskapet er ikkje ferdig.

Vedtak: Soknerådet betalar egenandelen for dei konfirmantane som søker om tilskot til dette, eller av ein annan grunn ikkje betalar egenandelen. Pengane kan ein hente frå testamentariske gåver meint for barn og ungdom. Presten får mandat til å administrere dette.

Fordele gebyrutgiftene ut på dei ulike delrekneskapa i Lunde og Flåbygd sokn.

Nils Steinar skriv årsberetning for 2023. Tidspunkt for årsmøte: 07.04.24. Stian kontakter og avtaler med revisor for revidering av regnskapet.

Sak 5/24: Ungdomsarbeiderstillingen.

Kyrkjeverje var med på saken. Gjennomgang av økonomi, og tanker rundt utlysing etter ny tilsett med forventa oppstart seinsommaren- 24. Soknerådet er arbeidsgivar for stillinga og må vurdere stillingsutlysing/økonomi.

Stillinga finansierast av givertjeneste. Er det andre tiltak for å få auka givertjenesten?

Økonomi til å drifta stilling i storleik 20% i 2-3 år. 172 000,- på konto nå, og givarteneste har rundt 25 gjevarar, og utgjer i inntekter saman med renter nesten 83 000,- pr år. Stillinga er budsjettert til å koste 139 000,- år inkludert 5000,- i materiell. Det er ynskje om å forsøke å skaffe fleire gjevarar. Stillingsbeskrivinga som

vart lagt fram vert supplert med å delta i Ønsket og elsket, konfirmantundervisning og sommarleir. Det kom også innspel om at stillingsbeskrivinga må innehalde punkt om kristen profil

Vedtak: Ungdomsarbeiderstillinga i 20% lysast ut saman med trosopplærarstillinga. Arbeidsgruppa Fidus ser nærmare på stillingsbeskrivelsen for ungdomsarbeiderstillinga før utlysing,- og går gjennom den. Driftinga av stillinga blir som før.

Sak 6/24: Val av soknerådets Kirkens nødhjelp- kontakt

Vedtak: Hilde Roksund vart valgt som kontakt. Fasteaksjon vert tysdag 19/3.

Sak 7/24: Har alle kome inn i «kirka vår» på nett?

Viser til e-post frå Mona 26/11

Vedtak: Dei som ikkje har kome inn enda, skal prøve å få tilgang.

Sak 8/24: Kyrkjelydsbladet

Kvar går vegen vidare?

Vedtak: Saken utsetjast.

Sak 9/24: Kven er me og kva vil me?

Tankar/målsettingar for vår 4 års- periode i soknerådet

Vedtak: Saken utsetjast.

Sak 10/24: Allsang på slusa.

Staben har ikkje ressursar til å ta dette ansvaret. Aktuelt for soknerådet å ta ansvar? Samarbeid med Holla, eventuelt eksterne? Kva tenker Koriander? Kan om nødvendig utsettast til februarmøtet. Koriander kan stille opp som kor, men ikkje vera ansvarleg.

Vedtak: Soknerådet kan ikkje ta ansvar for dette arrangementet nå, og kan heller ikkje ta det saman med Holla. Soknerådet vil heller prioritere andre familiearrangement som har vore gjennomført og vore god oppslutning om i staden for "Allsang på slusa".

Sak 11/24: Eventuelt.

Forslag frå Kirsti Stavsholt og Renny Pettersen om at soknerådets medlemmer baker kaker til kyrkjekaffe.

Vedtak: Forslaget vart støtta. Liste over dei som skal vere med på ordninga, og datoar for dette, blir kopiert og dela ut.

Neste møte: Onsdag 28/2-24, - klokka 17 –19 på Solhaug.

Skrivar Marie H.Nordli, Lunde 18/1-24